

1 FØREMÅL MED PRØVEN

Utgreiing ved mistanke om overproduksjon av kortisol.
Prøven skal og takast ved utvida deksametasontest.

2 UTSTYR

Samledunk utan tilsetjing.

3 FØREBUING

Urin skal **ikkje** samlast under pågåande menstruasjon.
Unngå psykisk og fysisk stress før og under urinsamlinga.

4 PRØVETAKING

Samledunken med urin må stå kjøleg under samlinga.

Samling av døgnurin:

Start med å tømme urinblæra i toalettet om morgonen. Denne urinen skal ikkje vera med i samlinga.

Noter deg tidspunktet for start av urinsamlinga.

Dei neste 24 timane skal all urin samlast i ein samledunk, til og med morgonurinen dagen etter.

For å unngå søl kan ein tisse i ein mindre behaldar og helle innhaldet over i samledunken.

Samledunken med urin må leverast legekontor/laboratoriet same dag etter ferdig innsamling.

5 MERKING

Noter namn og fødselsnummer og dato og klokkeslett for **start** og **slutt** av urinsamlinga på rekvisisjonen og på samledunk.

6 OPPBEVARING

Samledunken skal oppbevarast kjøleg/ i kjøleskap under samlinga og før levering på legekantoret/laboratoriet.

Samledunken leverast same dag etter ferdig innsamling.

7 FEILKJELDE

Blodtilblanda urin vert ikkje analysert.